



Til
Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjørn Harald Haugsvær, 5764 3071

Landbruksoppgåver i kommunane 2024 - forvaltning av statlege tilskotsordningar, forventningar og fullmakter

I tråd med Stortinget sitt vedtak får kommunane i Vestland med dette rammer og retningslinjer for forvaltning av tilskotsordningar på Landbruks- og matdepartementet sitt område for 2024, jf. [Prop. 1 S \(2023-2024\)](#), og [Prop. 121 S \(2022-2023\)](#), og Stortinget si handsaming av desse.

For tilskotsordningane der Statsforvaltaren tildeler tilskotsramme til kommunen, har Statsforvaltaren også høve til å omfordele udisponerte midlar mellom kommunane i løpet av året. Statsforvaltaren ber derfor om at kommunane fattar vedtak før 10. november. Det gjev Statsforvaltaren høve til å omfordele udisponerte midlar mellom kommunar, og grunnlag for innspel til budsjettet for 2025.

Tilskotsordningane skal forvaltast i tråd med reglane i forskrift, jordbruksavtalen, og dei vilkåra og økonomiske rammene som Stortinget har fastsett. For alle forvaltningsorgan gjelder reglane i forvaltningslova.

Tildeling av tilskot skal forvaltast på ein effektiv måte og i tråd med regelverket for økonomistyring i staten. Regelverket har som formål å sikre effektiv forvaltning, og er sett saman av Reglement for økonomistyring og Bestemmelser om økonomistyring i staten.

Kommunane er ikkje ein del av staten, men når dei forvaltar statlege midlar vil reglementet gjelde for den oppgåva dei utfører på vegne av staten. Sjølv om kommunen har ansvar for å utføre ei oppgåve, ligg instruksjonsmynde og ansvaret for gjennomføringa av budsjettvedtaket framleis hos departementet. Politisk- og administrativ leiing har derfor inga instruksjonsmynde, og har ikkje høve til å påverke den faglege utøvinga av forvaltninga i jordbruket.

Kommunane skal bruke Landbruksdirektoratet sine elektroniske fagsystem ved tilskotsforvaltninga. Systema er nettbaserte og krev to-faktor pålogging til Landbruksdirektoratet sine digitale tenester, [sjå rettleiing](#) på Landbruksdirektoratet sine nettsider.



Vedlagt følger informasjonen om ordningane og rammene som kommunen skal nytte ved forvaltning og som grunnlag for vedtak.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent